

Konsernrekneskap 2021

Simas IKS

Årsmelding
Resultat
Balanse
Kontantstraum
Notar

SIMAS IKS

ÅRSMELDING 2021

- 1. Verksemda sin art og korleis den vert driven**
- 2. Vidare drift**
- 3. Omtale av konsernårsrekneskapen**
- 4. Risiko**
- 5. Arbeidsmiljø**
- 6. Omtale aktivitetsplikt og likestilling**
- 7. Ytre miljø**
- 8. Styre og ledelsesansvar**
- 9. Framtida**
- 10. Konsernrekneskap 2021**
- 11. Resultatrekneskap**
- 12. Balanse**
- 13. Kontantstraumsanalyse**
- 14. Noter**
- 15. Revisormelding**
- 16. Rekneskap SIMAS IKS**
- 17. Likestillingsutgreiing**

ÅRSMELDING 2021

SIMAS IKS

1. Verksemda sin art og korleis den vert driven

SIMAS er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane Aurland, Høyanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal, med til saman 32.943 innbyggjarar pr 31.12.21. Selskapet starta opp i 1995 og har i dag ansvaret for handsaminga av slam og alt hushaldningsavfall. Selskapet driftar også miljøstasjonane for eigarkommunane utanom Årdal. Kontor- og arbeidsstad er Festingdalen på Kaupanger.

I tillegg tilbyr selskapet renovasjonstjenester til næringslivet i regionen gjennom det heileigde datterselskapet SIRKLA Ressurs AS.

2. Vidare drift

Rekneskap og balanse er sett opp i samsvar med krava i rekneskapslova. Styret meiner at årsrekneskapen gjev eit rett bilet av SIMAS sine eignelutar og gjeld, eigenkapital, finansielle stilling og resultat.

Føresetnaden for fortsett drift er til stades, og årsrekneskapen for 2021 er sett opp med denne føresetnaden.

3. Omtale av årsrekneskapen

Omsetninga

Omsetninga i konsernet i 2021 var på 92,7 millionar kroner, dette er 5,7 millionar kroner høgare enn i 2020. Dette skuldast i hovudsak effekt av ny gebyrmodell og betre nedstraumsprisar på enkelte avfallsfraksjonane samt auka inntekt på slamrenovasjon.

Driftskostnader

Samla driftskostnadene var i 2021 på 82,4 millionar kroner mot 80,0 millionar kroner i 2020.

Netto finanskostnader

Netto finanskostnader er på 0,5 millionar kroner mot 0,6 millionar kroner i 2020.

Årsresultat

Resultatrekneskapen syner eit samla overskot for konsernet på 9,5 millionar kroner før skatt i 2021. I 2020 var det overskot på 6,4 millionar kroner.

Selskapet har eit godkjent FoU-prosjektet «Sirkuler avfallsbedrift» som Skattefunn-prosjekt. Arbeidet med prosjektet er påverka av fleire forhold og kostnaden i 2021 er under budsjett. Det er i tillegg motteke kr 500.000 i offentleg støtte til prosjektet «Føniks – frå aske til biokol» frå Regionalt Forskningsfond Vestland.

Det vart meldt oppbud i Ecoinowaste AS 05.10.21 og fordringa på kr 0,3 millionar kroner er tapsført.

Disponering av overskot

Av overskottet på 9,5 millionar kroner er 5,9 millionar kroner overført til fond for hushaldningsrenovasjon og 0,8 millionar kroner overført til fond for slamrenovasjon. Avsett til anna eigenkapital utgjer 2,8 millionar kroner

ÅRSMELDING 2021

SIMAS IKS

Kontantstraum

Konsernet sin kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar har i 2021 vore 22,4 millionar kroner, mot 15,8 millionar kroner i 2020. Netto kontantstraum frå investeringsaktiviteten var på -32,2 millionar kroner, mot -6,8 millionar kroner i 2020, medan finansaktiviteten bidrog med ein netto kontantstraum på 32,2 millionar kroner, mot -4,6 millionar kroner i 2020.

Dette gir ein samla kontantstraum i konsernet på 22,4 millionar kroner mot 4,3 millionar kroner i 2020.

SIMAS hadde ei endring i kontantar og kontantekvivalentar på 48,1 millionar kroner i 2021 mot 25,8 millionar kroner i 2020.

Likviditet:

Selskapet har ved balansedag likvide midlar på 45 millionar. Likviditeten vert vurdert som god.

Balanse

Eigendalar, utgjer 158 millionar kroner, der eigenkapitalen er på 22 millionar kroner og samla gjeld utgjer 135,7 millionar kroner. Den langsigtige lånegjelda utgjer 85,6 millionar kroner, mot 55,6 millionar kroner pr 31.12.20. SIMAS IKS har ei låneramme på 120 millionar kroner, som eigarkommunane godkjende i 2019.

4. Risiko

SIMAS jobbar kontinuerleg med å redusere risiko for uønska hendingar. Det vert årleg gjennomført risikoanalyse knytt til selskapet drift og aktivitetar. Det vert gjennomført kurs, øvelsar og samlingar. Det er godt samarbeid med eksterne selskap og forskjellige tilsynsmynde for å forebygge uønska hendingar. Selskapet hadde i 2021 tilsyn frå Arbeidstilsynet i samband med bygging av lagerhall.

Strategisk risiko

Avfallsbransjen er i stor endring. Strategien til selskapet er i samsvar med samfunnsutviklinga og endring av rammer for avfallshandtering i Norge. Dette gjelder krav til kundeservice, miljøretta tenester og krav til gjenvinning av energi og materialar. Dette er nedfelt i visjon til selskapet som er «Ressursar på rett veg».

Det pågår ei konsolidering til større organisasjonar i form av nye samarbeidskonstellasjoner eller etablering av nye selskap. Selskapet er i dialog med andre selskap om å finne ei framtidsretta samarbeidsform.

Marknadsrisiko

Selskapet har på grunn av at selskapet utfører eigarkommunane sine lovpålagde renovasjonstenester, og er tildelt einerett innanfor renovasjon, liten marknadsrisiko innafor dette området. Deler av selskapet sin aktivitet er likevel påvirkta av konjunktursvingninger, strukturendringer og ytre rammebetingelser.

Finansielle risiko

Selskapet har ein investeringsstrategi med låg risiko. Midlane selskapet har er plassert i pengemarknaden, og i aksjar i selskap knytt til drifta av selskapet. SIMAS eig SIRKLA Ressurs AS med bokført verdi på kr. 506.797. I tillegg eig selskapet aksjar i Retura Norge AS.

ÅRSMELDING 2021

SIMAS IKS

Hendingar etter balansedagen

Selskapet si drift var også i 2022 påverka av utbrot med coronaviruset. Det er gjennomført tiltak internt i selskapet for å redusere effekten av utbrot av smitte internt. Hovudinntekta til selskapet er knytt til både gebyr frå den lovpålagde aktivitet, som vert vurdert å ha låg risiko, sal og avhending av avfall til sluthandsaming. Sluthandsaming av avfall kan vere utsett for både valutasvingingar og globale marknadsendringar på grunn av utbrotet av koronaviruset. Selskapet har investert i teknologi som gjer det mogeleg med forsvarleg lagring av hovudavfallsfraksjonane over lengre tid, og er dermed ikkje så eksponert for stopp i mottak av avfall nedstraums. Valutaendringane vil påverke prisane då fleire av kontraktane vert regulert i forhold til euro-kursen.

Ved langvarig reduksjon i næringsaktivitet i Norge, med auka permisjon av arbeidstakrar og konkursar, kan abonnementane og kundar få betalingsutfordringar. Dette kan medføre redusert innbetaling på forfallsdato som kan gje likviditetsutfordringar. Verksemda vurderer likevel likviditetsutfordringane for selskapet som moderat.

5. Arbeidsmiljø

SIMAS har som målsetting å ta vare på helsa til dei tilsette, både fysisk og mentalt. Selskapet har avtale med Bedriftshelse 1. I 2019 vart det oppretta eige arbeidsmiljøutval.

Det samla sjukefråværet var i 2021 på 7,0 % mot førre år 5,4 %. Legemeldt fråværet utgjer 6,04 % og eigemeldt fråværet 0,94 %.

6. Omtale likestilling og aktivitetsplikt

SIMAS har ved utgangen av 2021 36 fast tilsette. I tillegg har det vore leigd inn ekstra personalressursar i samband med gjennomføring av ulike prosjekt. SIMAS har som mål å vera ein arbeidsplass der det skal vera full likestilling mellom kvinner og menn. Tradisjonelt har det vore få kvinnelege søkjavar til våre stillingar, særleg når det gjeld drifta ute. Av selskapet sine 39 tilsette er 9 kvinner, inklusiv 1 kvinneleg lærling i kontorfaget. I leiarstabben var det i 2021 to kvinner og to menn. I styret er 3 av 7 styremedlemmer kvinner, der styreleiar er ein av desse.

Selskapet har utarbeida etiske retningslinjer der ein tek avstand frå alle typar diskriminering. Ved nyttilsetting vert kvinner og menn handsama likt, der best kvalifisert søker får tilbod om stillinga. SIMAS samarbeida med NAV og fleire attføringsverksemder, og gir opplæring- og arbeidstilbod for medarbeidarar med ulike behov for tilrettelagt arbeid. I tillegg gir selskapet støtte til språktrening.

7. Ytre miljø

Selskapet har høg fokus på at drifta vår ikkje skal føre til påverknad på det ytre miljøet. Vi overvaker utslepp til vatn og luft etter fast regime, jf. krav i utsleppsløyvet.

I samband med mottak av slagg i perioden 2015-2018 er miljøovervakingsprogrammet utvida. Det er ikkje påvist akutt ureining på grunn av mottaket av slagg og dette vert følgje opp vidare. Flygeavfall vert jamleg rydda bort frå nærområdet, og det vert årleg gjennomført ryddedagar på anlegget. Det er ikkje motteke naboklager i året som gjekk.

Selskapet har fokus på at avfallet som vert samla inn vert handtert på best føremålstenleg måte, og at farleg avfall blir handtert forsvarleg.

8. Styre og ledelsesansvar

SIMAS har teikna styre og ledelsesansvarsforsikring i Gjensidige på 15 mill.

ÅRSMELDING 2021

SIMAS IKS

9. Framtida – utsikt for selskapet

Eigarane vedtok i representantskapet ny strategiplan for SIMAS – Avfall 2025 – som dannar ramma for utviklinga av verksemda. Planen tek utgangspunkt i dei overordna krava som vert sett til verksemda, i tillegg til dei lokale utfordringane som regionen har innan avfallshandsaming. Styret er opptekne av at selskapet skal vere ein sentral kompetansebedrift innafor avfallshandtering i regionen. Samstundes ønskjer styret å legge til rette for meir lokal verdiskaping med utgangspunkt i ressursane verksemda samlar inn.

Styret følgjer utviklinga av bransjen og gjeldande rammelovgjevnaden tett, og har stort fokus på korleis selskapet skal handtere dei utfordringar som ein til ei kvar tid står ovanfor. Dette for å sikre god og stabil drift også i eit lengre perspektiv.

Dotterselskap:

Etterspurnaden etter selskapet sine tenester er framleis påverka av koronautbrotet, men drifta i selskapet går som normalt. Selskapet vil kunne levere dei tenester som er etterspurt. Tilgangen på innsatsfaktorar vert vurdert som god og tilgangen på arbeidskraft er god. Selskapet har god likviditet og tilgang på finansiering er tilfredsstillande.


Dagleg drift

Den daglege drifta i selskapet har følgjande hovudfokus;

- Kontinuerleg informasjon for å halda oppe og påverke haldningane med avfallssortering, og sette fokus på mindre produksjon av avfall og meir gjenbruk
- Fylgja opp kundeavtalane, kvalitetssikre og handsama søknader raskt og rettvist.
- Auka gjenvinningsgraden på avfallet som SIMAS tek imot og handsamar.
- Etablere SIRKLA Ressurs AS som aktiv aktør i den konkurranseutsette marknaden

Styret vil takke dei tilsette og samarbeidspartnarar for godt samarbeid.

Kaupanger 21.03 2022


Jøril Hovland
Styrelseiar


Petter Sortland
nestleiar


Birgit Leirvik
styremedlem


Geir Ove Bøthun
styremedlem


Ståle Øvstetun
styremedlem


Åge Skrede
styremedlem


Marianne Ovrid
styremedlem
SIMAS IKS


Hallvard Thomassen
Direktør

KONSERNREKNESKAP

SIMAS IKS

DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	Note	2021	2020
Salsinntekt		90 242 478	86 012 918
Anna driftsinntekt		2 413 891	945 217
Sum driftsinntekter	1	92 656 369	86 958 135
Varekostnad		15 993 906	15 645 939
Lønskostnad	2, 10	29 737 386	29 417 917
Avskriving	3	5 515 008	5 927 450
Nedskrivning av driftsmidler og immaterielle eiendeler		335 617	0
Anna driftskostnad	2	30 776 771	29 023 199
Sum driftskostnader		82 358 689	80 014 505
Driftsresultat		10 297 680	6 943 630
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Anna renteinntekt		151 351	154 887
Anna finansinntekt		111 412	109 133
Anna rentekostnad		717 951	845 697
Anna finanskostnad		11 604	46
Resultat av finansposter		-466 791	-581 723
Ordinært resultat før skattekostnad		9 830 889	6 361 907
Skattekostnad på ordinært resultat	4	311 267	-46 066
Ordinært resultat		9 519 622	6 407 973
Årsresultat		9 519 622	6 407 973
OVERFØRINGAR			
Overført til fond slam hushald (sjølvkost)	5	-778 123	527 873
Overført til fond renovasjon hushald (sjølvkost)	5	-5 925 659	-6 160 592
Avsett til anna eigenkapital		-2 815 840	-775 254
Sum disponert		9 519 622	6 407 973

BALANSE

SIMAS IKS

EIGEDELAR	Note	2021	2020
ANLEGGSMIDDEL			
VARIGE DRIFTSMIDDEL			
Tomter, bygningar og annan fast eiedom	3	80 094 853	64 710 710
Maskinar og anlegg	3	9 249 699	385 692
Driftslausøyre, inventar, verktøy ol	3, 6	9 909 805	7 245 568
Sum varige driftsmiddel		99 254 357	72 341 970
FINANSIELLE ANLEGGSMIDDEL			
Investeringar i aksjar og partar		108 000	118 001
Andre langsiktige krav		559 429	585 543
Sum finansielle anleggsmeddel		667 429	703 544
Sum anleggsmeddel		99 921 786	73 045 514
OMLØPSMIDDEL			
Varar	7	729 617	1 137 536
KRAV			
Kundekrav	6	3 579 278	2 555 482
Andre kortssiktige krav		5 264 550	3 166 893
Sum krav		8 843 829	5 722 375
INVESTERINGAR			
Bankinnskot, kontantar og liknande	8	48 158 448	25 775 671
Sum omløpsmeddel		57 731 894	32 635 582
Sum egedelar		157 653 680	105 681 096

BALANSE

SIMAS IKS

EIGENKAPITAL OG GJELD	Note	2021	2020
OPPTENT EIGENKAPITAL			
Annan eigenkapital	9	21 955 284	14 951 864
Sum opptent eigenkapital		21 955 284	14 951 864
Sum eigenkapital			
		21 955 284	14 951 864
GJELD			
AVSETJING TIL PLIKTER			
Pensjonsplikter	10	5 944 214	7 208 241
Utsett skatt	4	63 453	72 769
Andre avsetjingar for plikter	5	18 112 791	11 059 009
Sum avsetjing for plikter		24 120 458	18 340 019
ØVRIG LANGSIKTIG GJELD			
Gjeld til kreditinstitusjonar	6	85 558 179	55 617 336
Sum anna langsigktig gjeld		85 558 179	55 617 336
KORTSIKTIG GJELD			
Leverandørgjeld		17 428 278	7 555 727
Betalbar skatt	4	320 583	174 098
Skyldige offentlege avgifter		2 079 004	1 881 931
Anna kortsiktig gjeld	11	6 191 894	7 160 121
Sum kortsiktig gjeld		26 019 759	16 771 878
Sum gjeld		135 698 396	90 729 232
Sum eigenkapital og gjeld		157 653 680	105 681 096

Sogndal, 21.03.2022
Styret i Simas IKS



Jøril Hovland
styreleiar



Petter Sortland
nestleiar


Birgit Olaug Lervik
styremedlem


Geir Ove Bøthun
styremedlem


Marianne Ovrid
styremedlem


Åge Skrede
styremedlem


Ståle Øvstetun
styremedlem


Hallvard Thomassen
dagleg leiar

INDIREKTE KONTANTSTRØM

SIMAS IKS

	Note	2021	2020
KONTANTSTRØMMER FRA OPERASJONELLE AKTIVITETER			
Resultat før skattekostnad		9 830 889	6 361 907
Periodens betalte skatt		174 098	148 882
Tap/gevinst ved salg av anleggsmidler		-534 800	-93 329
Ordinære avskrivninger		5 515 008	5 927 450
Nedskrivning anleggsmidler		345 617	0
Endring i varelager		407 919	-232 341
Endring i kundefordringer		-1 023 796	1 484 246
Endring i leverandørgjeld		9 872 551	166 099
Endring i andre tidsavgrensningsposter		-1 838 008	2 291 562
Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter		22 401 281	15 756 711
KONTANTSTRØMMER FRA INVESTERINGSAKTIVITETER			
Innbetalinger ved salg av varige driftsmidler		690 935	135 380
Utbetalinger ved kjøp av varige driftsmidler		32 919 147	6 981 189
Netto kontantstrøm fra investeringaktiviteter		-32 228 212	-6 845 809
KONTANTSTRØMMER FRA FINANSIERINGSAKTIVITETER			
Innbetalinger ved opptak av ny langsiktig gjeld		34 300 000	576 000
Utbetalinger ved nedbetaling av langsiktig gjeld		4 359 157	5 194 535
Utgang dotter		2 268 865	0
Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter		32 209 708	-4 618 535
Netto endring i kontanter og kontantekvivalenter		22 382 777	4 292 367
Beh. av kont. og kontantekvivalenter ved per. begynnelse		25 775 671	21 483 306
Beh. av kont. og kontantekvivalenter ved per. slutt		48 158 447	25 775 671

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998 og god rekneskapsskikk i Norge.

Inntekter

Ved varesalg rekneskapsførast inntekta når den er opptent, altså når både risiko og kontroll i hovudsak er overført til kunden. Dette vil normalt vere tilfellet når vara er levert til kunden. Inntektene rekneskapsførast med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

Ved tenestesalg rekneskapsførast inntekta når den er opptent, altså når krav på vederlaget oppstår. Dette skjer når tenesta ytast, i takt med at arbeidet utførast. Inntektene rekneskapsførast med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedeler og gjeld

Eigedeler bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigedeler er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eitt år er klassifisert som omløpsmidlar. Ved klassifisering og langsiktig gjeld er analoge kriteria lagt til grunn.

Anleggsmidlar blir vurdert til anskaffelseskost, men blir nedskrive til verkeleg verdi når verdifallet forventast ikke å vera forbigåande. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid blir avskrive planmessig. Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt motteke beløp på etableringstidspunktet.

Omløpsmidlar vurderast til lågaste av anskaffelseskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt motteke beløp på etableringstidspunkt.

Leigeavtalar

Driftsmidlar som leigast på vilkår som i det alt vesentlege overfører økonomisk risiko og kontroll til selskapet (finansiell leasing), balanseførast under varige driftsmidlar og tilhøyrande leigeforplikting vert bokført som forplikting under rentebærande langsiktig gjeld til noverdien av leigebetalingane. Driftsmiddelet vert avskrive planmessig, og forpliktinga reduserast med betalt leige etter frådrag for berekna rentekostnad.

Investering i aksjar

Investeringar i aksjar vurderast etter kostmetoden. Investeringane blir nedskrive til verkeleg verdi dersom verdifallet ikkje er forbigående og det må ansjåast som nødvendig etter god rekneskapsskikk. Evt. motteke utbytte vert inntektsført som anna finansinntekt.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar blir avskrive over forventa økonomisk levetid. Avskrivningane er som hovudregel fordelt lineært over antatt økonomisk levetid.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar blir oppført til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap på kr 664 556. Avsetning til tap blir gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane. I tillegg blir det for øvrige kundefordringar ein uspesifisert avsetning for å dekka antatt tap.

Varelager

Varer er vurdert til det lågaste av innkjøpspris og verkeleg verdi.

Bankinnskot, kontantar og liknande

Bankinnskot, kontantar o.l. inkluderar kontantar og bankinnskot med forfallsdato som er kortare enn tre månader frå anskaffing.

Pensjonar

Selskapet har pensjonsordning for sine tilsette gjennom KLP. Ein ytelsesplan er ei pensjonsordning som definerer ei pensjonsutbetaling som ein tilsett vil motta ved pensjonering. Pensjonsutbetalinga er normalt avhengig av fleire faktorar, som alder, antall år i selskapet og løn. Den balanseførte forpliktinga knytt til ytelsesplanar er noverdien av dei definerte ytingane på balansedagen minus verkeleg verdi av pensjonsmidlane (innbetalte beløp til forsikringsselskap). Pensjonsforpliktinga bereknast årleg av ein uavhengig aktuar ved bruk av ein lineær oppteningsmetode.

Skatt

Skattekostnaden i resultatet omfattar både periodens betalbare skatt og endring i utsatt skatt. Utsatt skatt er berekna med 22 % på grunnlag av dei midlertidige forskjellar som eksisterer mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, samt likningsmessig underskot til framføring ved utgangen av rekneskapsåret.

Kommunale avfallsselskap som tilbyr kommersielle tenester i marknaden er skattepliktige for den delen av verksemda som er relatert til næringsavfall. Skatteplikta inntredde frå og med rekneskapsåret 2014.

Sjølvkost

Selskapet sine tenester i tilknyting til renovasjon innan privat hushald er lovpålagd og skal ikkje over tid gje økonomisk overskot. Selskapet er pliktig til å utarbeide sjølvkostberekingar for hushaldrenovasjon og slamtømming retta mot private hushald. Ved underskot i sjølvkostberekingen visast dette som ei fordring i balansen (abonnementsfordring) og ved overskot i sjølvkostberekingane visast dette som ei gjeld i balansen (skuldig abonnementsgjebur).

Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeida etter den indirekte metoden. Kontantar og kontantekvivalentar omfattar kontantar og bankinnskot.

Konsolideringsprinsipp

Dotterselskap blir konsolidert frå det tidspunkt kontrollen er overført til konsernet (oppkjøpstidspunktet). I konsernrekneskapen blir posten aksjar i dotterselskap erstatta med dotterselskapet sine eideleiarar og gjeld. Konsernrekneskapen blir utarbeida som om konsernet var éi økonomisk eining. Transaksjonar, urealisert forteneste og mellomverande mellom selskapa i konsernet blir eliminert.

Note 1 Salsinntekt

Per virksomheitsområde	2021	2020
Renovasjon hushald	55 648 807	53 371 117
Slam hushald	6 825 391	5 674 950
Næring	27 163 653	25 336 243
Næring slam	3 018 518	2 575 826
Sum	92 656 368	86 958 133

Note 2 Lønskostnader og ytingar, godtgjeringar til dagleg leiari, styret og revisor

	2021	2020
Lønskostnader		
Løningar	22 530 894	22 418 532
Arbeidsgjevaravgift	3 183 270	2 843 370
Pensjonskostnader	3 736 360	3 579 860
Andre ytingar	286 863	576 156
Sum	29 737 386	29 417 918

Konsernet har i 2021 sysselsett 43 årsverk.

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiari	Styreleiar
Løn	952 833	78 800
Pensjonskostnader	140 046	0
Anna godtgjering	5 841	0
Sum	1 098 720	78 800

Godtgjerdse til revisor	2021
Lovpålagt revisjon	134 150
Andre tenester utanfor revisjonen	17 354

Beløpa er eks. mva.

Note 3 Driftsmidler

	Tomtar, bygg o.a. fast eigedom	Maskinar og anlegg	Bilar og containarar	Driftsløsøre, inventar o.a. utstyr	Sum
Anskaffelseskost 01.01.2021	135 537 444	18 783 069	1 756 062	30 877 405	186 953 980
Tilgang	19 128 905	9 134 823	344 260	4 311 159	32 919 147
Avgang	0	0	-95 255	0	-95 255
Anskaffelseskost 31.12.2021	154 666 349	27 917 892	2 005 067	35 188 564	219 777 872
Akk. avskrivningar 31.12.2021	74 571 496	18 668 194	600 362	26 683 464	120 523 516
Bokført verdi 31.12.2021	80 094 854	9 249 699	1 404 705	8 505 100	99 254 358
Årets avskrivningar	3 409 145	270 816	240 000	1 595 047	5 515 009
Årets nedskrivningar	335 617				335 617
Økonomisk levetid	0-50 år	5-10 år	5-15 år	3-10 år	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	

Investeringar er finansiert ved lån i Kommunalbanken.

Note 4 Skatt

Forklaring til skattekostnad	2021	2020
Resultat før skatt	9 830 889	6 361 907
22 % skatt	2 162 795	1 399 619
Skatteeffekt av permanente skilnadar	-1 594 569	-1 380 148
Skatteeffekt av konsernelimineringar	0	-9 900
Endring ikkje balanseført utsett skattefordel	-256 960	166 097
Feil frå tidlegare år	0	-221 733
Sum skattekostnad	311 267	-46 065
Effektiv skattesats	3,2 %	-0,7 %
Mellombelse skilnadar	2021	2020
Netto mellombelse skilnadar	-32 069 375	-38 900 331
Andel av mellombelse skilnadar vedr næring 26 % (26 %)	-8 413 027	-9 538 682
Grunnlag for utsett skatt/-skattefordel	-23 656 348	-29 361 649
Herav ikkje grunnlag for balanseføring	23 944 771	29 692 419
Grunnlag for utsett skatt/-skattefordel	288 423	330 770
Utsett skatt/-skattefordel 22 %	63 453	72 770
Utsett skattefordel balanseførast ikkje		
Avstemming av betalbar skatt i balansen		
Betalbar skatt av årets resultat	320 583	174 098
Sum	320 583	174 098

Note 5 Andre avsetjingar for plikter

	2021	2020
Andre avsetjingar for plikter består av		
Etterdriftsfond	5 285 200	4 935 200
Fond renovasjon hushald (sjølvkost)	13 229 344	7 303 685
Fond slam hushald (sjølvkost)	-401 753	-1 179 876
Sum andre avsetjingar til plikter	18 112 791	11 059 009

For å oppfylle krav i avfallsforskrifta er det avsett rekneskapsmessig til etterdriftsfond. Det vert årleg avsett kr 350 000 til etterdriftsfondet.

Note 6 Pantstillingar og garantiar

	31.12.2021	31.12.2020
Pantsikra gjeld, pantstillingar og garantiar		
Gjeld til kreditinstitusjonar (lån)	85 558 179	55 617 336
Gjeld som er sikra ved kommunal garanti	84 749 160	54 639 160
Gjeld som forfell meir enn 5 år etter balansedagen	58 037 000	35 532 500
Rekneskapsført verdi av pantsikra eigedelar		
Driftsmidlar	1 431 805	1 457 100
Varelager	0	0
Kundefordringar	1 441 715	1 421 374
Sum	2 873 520	2 878 474

Det er stilt bankgaranti knytt til transportløyve pålydande kr 576.000 til fordel for Statens Vegvesen.

Note 7 Varelager

Varelager pr 31.12 består av:	2021	2020
Råvarer	228 696	351 840
Handelsvarer	500 921	785 695
Sum	729 617	1 137 535

Note 8 Bankinnskot

Midlar på skattetrekkskonto (bundne midlar) er kr 1 043 671.

Note 9 Eigenkapital

	Anna eigenkapital	Sum
Eigenkapital pr. 31.12.2020	14 951 864	14 951 864
Estimatavvik pensjon (årets endring)	1 918 715	1 918 715
Årets resultat	2 815 840	2 815 840
Utgang dotter	2 268 856	2 268 856
Eigenkapital pr. 31.12.2021	21 955 273	21 955 273

Oversikt over eigarkommunane pr 31.12:

Kommune	Eigardel
Aurland	5,4 %
Høyanger	12,0 %
Luster	15,9 %
Lærdal	6,4 %
Sogndal	36,7 %
Vik	7,8 %
Årdal	15,8 %
Sum	100 %

Ingen eigarar har gjeld til selskapet.

Note 10 Pensjonskostnader, -midlar og -forpliktingar

Selskapet har ei ytelsesbasert pensjonsordning gjennom KLP som omfattar 41 aktive og 8 pensjonistar. Ordninga gjev rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengig av tal opptenningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytinga frå folketrygda. Forpliktinga er dekkja gjennom eit forsikringsselskap.

Selskapet har balanseført pensjonsforpliktinga. Dei tilsette blir trekt i lønn for ein andel av pensjonspremien, medan selskapet dekker det øvrige.

	2021	2020
Pensjonskostnad		
Noverdi av pensjonsoppteninga i år	3 482 604	3 157 919
Rentekostnad på pensjonsforpliktinga	519 494	557 307
Avkastning på pensjonsmidlar	-374 594	-395 912
Administrasjonskostnader	108 401	112 250
Arbeidsgjevaravgift	396 006	363 746
Aktuarisk tap inkl arbeidsgjevaravgift	0	0
Netto pensjonskostnad	4 131 911	3 795 310
Andel av premie trekt frå dei tilsette	0	0
Pensjonsmidlar - forpliktig		
Brutto påløpen pensjonsforpliktig	28 976 489	27 134 921
Pensjonsmidlar	23 542 963	20 593 828
Estimert netto pensjonsforpliktning	5 433 526	6 541 093
Arbeidsgjevaravgift	510 688	667 148
Netto pensjonsforpliktning	5 944 214	7 208 241

Økonomiske føresetnader for utrekning av pensjonskostnaden

Diskonteringsrente	1,90%	1,70%
Forventa avkastning på pensjonsmidlar	1,90%	1,70%
Forventa lønsvekst	2,75%	2,25%
Forventa G-regulering	2,50%	2,00%

Forventa regulering av pensjonar under utbetaling	1,73%	1,24%
---	-------	-------

Note 11 Anna kortsiktig gjeld

	2021	2020
Påkomen løn og feriepengar	2 497 814	2 397 618
Påkomne kostnadars diverse	3 356 970	2 603 325
Påkomne renter	337 111	160 446
Kortsiktig lån	0	1 998 733
Sum	6 191 894	7 160 119

Note 12 Konsolidering av datterselskap

Konsernet omfattar:

Morselskap:

Simas IKS

Datterselskap:	Aksjekapital	Eigardel
Sirkla Ressurs AS	500 000	100 %

Datterselskap av Sirkla Ressurs AS:

Ecoinowaste AS	100 000	100 %
Sunde og Sirkla Eigedom AS	2 400 000	50 %

Det blei meldt oppbud i Ecoinowaste AS 5. oktober 2021. Effekt av dotter sin utgang er vist i eigenkapitalnoten.

Sunde og Sirkla Eigedom AS er nystifta i 2021.

Årsrekneskap 2021

Simas IKS

**Årsmelding
Resultat
Balanse
Notar**

Org.nr.: 974 888 076

Resultatrekneskap

Simas IKS

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2021	2020
Salsinntekt		83 976 395	79 317 737
Anna driftsinntekt		1 034 800	-71 671
Sum driftsinntekter	1	85 011 195	79 246 067
Varekostnad		16 482 864	15 935 897
Lønskostnad	2, 3	26 127 772	25 311 017
Avskrivning	4	5 240 708	5 703 450
Nedskrivning	4	335 617	0
Annan driftskostnad	2	27 030 221	25 792 907
Sum driftskostnader		75 217 183	72 743 271
Driftsresultat	5	9 794 012	6 502 795
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		141 937	131 215
Anna finansinntekt		99 378	97 832
Annan rentekostnad		682 695	803 419
Annan finanskostnad		1 602	46
Resultat av finanspostar		-442 981	-574 418
Ordinært resultat før skattekostnad		9 351 031	5 928 378
Skattekostnad på ordinært resultat	6	203 497	-136 764
Ordinært resultat		9 147 534	6 065 142
Arsresultat	5	9 147 534	6 065 142
Overføring			
Overført til fond slam hushald (sjølvkost)	7	-778 123	527 873
Avssett til annan eigenkapital		-2 443 752	-432 423
Overført til fond renovasjon hushald (sjølvkost)	7	-5 925 659	-6 160 592
Sum overføringer		9 147 534	6 065 142

Balanse

Simas IKS

Eigedeler	Note	2021	2020
Anleggsmiddel			
Varige driftsmiddel			
Tomter, bygningar og annan fast eiedom	4	80 094 853	64 710 710
Maskinar og anlegg	4	9 249 699	385 692
Driftslausøyre, inventar, verktøy ol	4	8 478 000	5 788 468
Sum varige driftsmiddel		97 822 552	70 884 870
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i datterselskap	8	506 797	506 797
Investeringar i aksjar og partar	8	108 000	108 000
Andre langsiktige krav		559 429	585 543
Sum finansielle anleggsmiddel		1 174 226	1 200 340
Sum anleggsmiddel		98 996 778	72 085 210
Omløpsmidde			
Varar	9	729 617	1 137 536
Krav			
Kundekrav	10	2 812 085	2 043 099
Andre kortsiktige krav	10	4 996 691	2 983 690
Sum krav		7 808 777	5 026 789
Bankinnskot, kontantar og liknande	11	45 015 882	22 954 023
Sum omløpsmidde		53 554 276	29 118 348
Sum eigedeler		152 551 054	101 203 558

Balanse

Simas IKS

Eigenkapital og gjeld	Note	2021	2020
Innskoten eigenkapital			
Selskapskapital	12	18 905 821	14 543 354
Sum eigenkapital		18 905 821	14 543 354
Gjeld			
Avsetjing til plikter			
Pensjonsplikter	3	5 944 214	7 208 241
Andre avsetjingar for plikter	5, 7	18 112 791	11 059 009
Sum avsetjing for plikter		24 057 005	18 267 250
Øvrig langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	13	84 749 160	54 639 160
Sum anna langsiktig gjeld		84 749 160	54 639 160
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	10	17 103 629	7 347 904
Betalbar skatt	6	203 497	84 969
Skyldige offentlege avgifter		1 725 345	1 504 465
Anna kortsiktig gjeld		5 806 597	4 816 456
Sum kortsiktig gjeld		24 839 068	13 753 794
Sum gjeld		133 645 233	86 660 204
Sum eigenkapital og gjeld		152 551 054	101 203 558

Sogndal, 21.03.2022
Styret i Simas IKS


Jøril Hovland
styreleiar




Petter Sortland
nestleiar




Birgit Olaug Lervik
styremedlem



Geir Ove Bøthun
styremedlem



Marianne Ovrid
styremedlem



Ernst Ståle Øvstetun
styremedlem



Åge Skrede
styremedlem



Hallvard Thomassen
direktør

Indirekte kontantstraum

Simas IKS

	Note	2021	2020
Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar			
Resultat før skattekostnad		9 351 031	5 928 378
Betalt skatt i perioden		84 969	134 744
Tap/vinst ved sal av anleggsmiddel		-534 800	-93 329
Ordinære avskrivningar		5 240 708	5 703 450
Nedskriving anleggsmiddel		335 617	0
Endring i varelager		407 919	-232 341
Endring i kundefordringar		-768 986	3 669 187
Endring i leverandørgjeld		9 755 725	310 274
Endring i andre tidsavgrensingspostar		228 822	2 312 995
Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar		23 931 067	17 463 868
Kontantstraumar frå investeringsaktivitetar			
Innbetalingar ved sal av varige driftsmidlar		595 680	135 380
Utbetalingar ved kjøp av varige driftsmidlar		32 574 887	6 954 189
Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar		-31 979 207	-6 818 809
Kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar			
Netto endring i langsiktig gjeld		30 110 000	-5 165 000
Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar		30 110 000	-5 165 000
Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar		22 061 860	5 480 060
Beh. av kont. og kontantekvivalentar ved byrjinga av pe		22 954 023	17 473 963
Beh. av kont. og kontantekvivalentar ved slutten av		45 015 883	22 954 023

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998 og god rekneskapsskikk i Norge.

Inntekter

Ved varesalg rekneskapsførast inntekta når den er opptent, altså når både risiko og kontroll i hovudsak er overført til kunden. Dette vil normalt vere tilfellet når vara er levert til kunden. Inntektene rekneskapsførast med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

Ved tenestesalg rekneskapsførast inntekta når den er opptent, altså når krav på vederlaget oppstår. Dette skjer når tenesta ytast, i takt med at arbeidet utførast. Inntektene rekneskapsførast med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigedelar er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eitt år er klassifisert som omløpsmidlar. Ved klassifisering og langsiktig gjeld er analoge kriteria lagt til grunn.

Anleggsmidlar blir vurdert til anskaffelseskost, men blir nedskrive til verkeleg verdi når verdifallet forventast ikkje å vera forbigåande. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid blir avskrive planmessig. Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt motteke beløp på etableringstidspunktet.

Omløpsmidlar vurderast til lågaste av anskaffelseskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt motteke beløp på etableringstidspunkt.

Leigeavtalar

Driftsmidlar som leigast på vilkår som i det alt vesentlege overfører økonomisk risiko og kontroll til selskapet (finansiell leasing), balanseførast under varige driftsmidlar og tilhøyrande leigeplikt vert bokført som forpliktning under rentebærande langsiktig gjeld til noverdien av leigebetalingane. Driftsmiddelet vert avskrive planmessig, og forpliktninga reduserast med betalt leige etter frådrag for berekna rentekostnad.

Investering i aksjar

Investeringar i aksjar vurderast etter kostmetoden. Investeringane blir nedskrive til verkeleg verdi dersom verdifallet ikkje er forbigående og det må ansjåast som nødvendig etter god rekneskapsskikk. Evt. motteke utbytte vert inntektsført som anna finansinntekt.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar blir avskrive over forventa økonomisk levetid. Avskrivningane er som hovudregel fordelt lineært over antatt økonomisk levetid.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar blir oppført til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap på kr 268 114. Avsetning til tap blir gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane. I tillegg blir det for øvrige kundefordringar ein uspesifisert avsetning for å dekka antatt tap.

Varelager

Varer er vurdert til det lågaste av innkjøpspris og verkeleg verdi.

Bankinnskot, kontantar og liknande

Bankinnskot, kontantar o.l. inkluderar kontantar og bankinnskot med forfallsdato som er kortare enn tre månader frå anskaffing.

Pensjonar

Selskapet har pensjonsordning for sine tilsette gjennom KLP. Ein ytelsesplan er ei pensjonsordning som definerer ei pensjonsutbetaling som ein tilsett vil motta ved pensjonering. Pensjonsutbetalinga er normalt avhengig av fleire faktorar, som alder, antall år i selskapet og løn. Den balanseførte forpliktninga knytt til ytelsesplanar er noverdien av dei definerte ytingane på balansedagen minus verkeleg verdi av pensjonsmidlane (innbetalte beløp til forsikringsselskap). Pensjonsforpliktninga bereknast årleg av ein uavhengig aktuar ved bruk av ein lineær oppteningsmetode.

Skatt

Skattekostnaden i resultatet omfattar både periodens betalbare skatt og endring i utsatt skatt. Utsatt skatt er berekna med 22 % på grunnlag av dei midlertidige forskjellar som eksisterer mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, samt likningsmessig underskot til framføring ved utgangen av rekneskapsåret.

Kommunale avfallsselskap som tilbyr kommersielle tenester i marknaden er skattepliktige for den delen av verksemda som er relatert til næringsavfall. Skatteplikta inntredde frå og med rekneskapsåret 2014.

Sjølvkost

Selskapet sine tenester i tilknyting til renovasjon innan privat hushald er lovpålagd og skal ikkje over tid gje økonomisk overskot. Selskapet er pliktig til å utarbeide sjølvkostberekingar for hushaldrenovasjon og slamtømming retta mot private hushald. Ved underskot i sjølvkostberekingen visast dette som ei fordring i balansen (abonnementsfordring) og ved overskot i sjølvkostberekingane visast dette som ei gjeld i balansen (skuldig abonnementsgesbyr).

Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeida etter den indirekte metoden. Kontantar og kontantekvivalentar omfattar kontantar og bankinnskot.

Note 1 Salsinntekt

<i>Per virksomheitsområde</i>	2021	2020
Renovasjon hushald	55 648 807	53 371 117
Slam hushald	6 825 391	5 674 950
Næring	19 518 479	17 624 174
Næring slam	3 018 518	2 575 826
Sum	85 011 195	79 246 067

Note 2 Lønskostnader og ytingar, godtgjeringar til dagleg leiar, styret og revisor

Lønskostnader	2021	2020
Løningar	19 396 148	19 079 009
Arbeidsgjevaravgift	2 800 214	2 456 924
Pensjonskostnader	3 383 067	3 253 918
Andre ytingar	548 344	521 166
Sum	26 127 772	25 311 017

Selskapet har i 2021 sysselsett 38 årsverk.

Pensjonsforpliktingar

Selskapet er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Pensjonsordninga til selskapet tilfredsstiller krava i denne lova.

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styreleiar
Løn	952 833	78 800
Pensjonskostnader	140 046	0
Anna godtgjering	5 841	0
Sum	1 098 720	78 800

Det føreligg ikkje avtale om plikt til å gje dagleg leiar eller medlemmar av styret særskilt godtgjerdslsle ved opphør av stillinga eller vervet. Det føreligg heller ikkje avtalar om bonus, overskotsdeling eller liknande til fordel for dagleg leiar eller styremedlemmar.

Det er ikkje gjeve lån eller stilt sikkerheit til fordel for dagleg leiar, tilsette, styremedlemmar, eigarar eller andre nærliggande.

Godtgjerdslsle til revisor

	2021
Lovpålagt revisjon	72 000
Andre tenester utanfor revisjonen	11 000

Beløpa er eks. mva.

Note 3 Pensjonskostnader, -midlar og -forpliktingar

Selskapet har ei ytelsesbasert pensjonsordning gjennom KLP som omfattar 41 aktive og 8 pensjonistar. Ordninga gjev rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengig av tal oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytinga frå folketrygda. Forpliktinga er dekka gjennom eit forsikringsselskap.

Selskapet har balanseført pensjonsforpliktinga. Dei tilsette blir trekt i lønn for ein andel av pensjonspremien, medan selskapet dekker det øvrige.

	2021	2020
Pensjonskostnad		
Noverdi av pensjonsoppteninga i år	3 482 604	3 157 919
Rentekostnad på pensjonsforpliktinga	519 494	557 307
Avkastning på pensjonsmidlar	-374 594	-395 912
Administrasjonskostnader	108 401	112 250
Arbeidsgjevaravgift	396 006	363 746
Aktuarisk tap inkl arbeidsgjevaravgift	0	0
Netto pensjonskostnad	4 131 911	3 795 310
Andel av premie trekt frå dei tilsette	-393 436	-371 721
Pensjonsmidlar - forpliktig		
Brutto påløpen pensjonsforpliktig	28 976 489	27 134 921
Pensjonsmidlar	23 542 963	20 593 828
Estimert netto pensjonsforpliktig	5 433 526	6 541 093
Arbeidsgjevaravgift	510 688	667 148
Netto pensjonsforpliktig	5 944 214	7 208 241
Økonomiske føresetnader for utrekning av pensjonskostnaden		
Diskonteringsrente	1,90%	1,70%
Forventa avkastning på pensjonsmidlar	1,90%	1,70%
Forventa lønsvekst	2,75%	2,25%
Forventa G-regulering	2,50%	2,00%
Forventa regulering av pensjonar under utbetaling	1,73%	1,24%

Note 4 Driftsmidlar

	Bygningar og tomtar	Maskiner og anlegg	Driftslausøyre, utstyr mv	Sum
Anskaffelseskost pr. 01.01.21	135 537 444	18 783 069	30 749 264	185 069 778
Tilgang	19 128 905	9 134 823	4 311 159	32 574 887
Avgang			60 880	60 880
Anskaffelseskost 31.12.21	154 666 349	27 917 893	34 999 543	217 583 785
Akk. avskrivinger 31.12.2021	74 235 879	18 668 194	26 582 423	119 486 496
Bokført verdi 31.12.21	80 094 852	9 249 699	8 478 000	97 822 551
Årets avskrivinger	3 409 145	270 816	1 560 747	5 240 708
Årets nedskrivninger	335 617			335 617
Økonomisk levetid	0-50 år	0-10 år	3-10 år	

Avskrivingsplan

Lineær

Lineær

Lineær

Investeringar er finansiert ved lån i Kommunalbanken.

Note 5 Avdelingsfordeling

	Renovasjon hushald	Slam	Næring	Totalt
Driftsinntekter	55 648 807	6 825 391	22 536 997	85 011 195
Driftsutgifter	44 199 724	5 881 519	19 559 616	69 640 859
Avskriving /	3 922 184	88 872	1 565 269	5 576 325
Driftsresultat	7 526 899	855 000	1 412 112	9 794 011
Finanspostar	311 164	-1 437	133 253	442 980
Resultat	7 215 735	856 437	1 278 859	9 351 031
Endring utsatt skatt			0	0
Betalbar skatt			203 497	203 497
Resultat	7 215 735	856 437	1 075 362	9 147 534

Sjølvkostfordeling

Driftsinntekter	55 648 807	6 825 391
Driftsutgifter	44 199 724	5 881 519
Avskriving	4 763 811	116 803
Driftsresultat	6 685 272	827 069
Finanspostar	1 005 367	33 627
Vinst/tap ved utrangering av anleggsmiddel	-46 919	0
Resultat	5 726 824	793 442

Fond

Fond 01.01.2021	7 303 685	-1 179 876
Resultat 2021	5 726 791	793 442
Kalkulert renteinntekt/rentekostnad sjølvkostfond	198 868	-15 319
Fond 31.12.2021	13 229 344	-401 753

Note 6 Skatt

Avstemming av skattekostnaden i resultatet	2021	2020
Feil frå tidlegare år	0	-221 733
Betalbar skatt av årets resultat	203 497	84 969
Endring utsett skatt	0	0
Sum skattekostnad	203 497	-136 764

Utrekning av skattegrunnlaget i år	2021	2020
Resultat før skattekostnad	9 351 031	5 928 378
Permanente skilnader	-7 300 392	567 995
Endring i mellombelse skilnader	0	731 247
Grunnlag betalbar skatt	2 050 639	7 227 620

Oversikt over mellombelse skilnader

2021 2020

Fordringar	-217 819	-605 625
Driftsmidlar	-20 024 065	-22 938 171
Avsetnad etter god rekneskapsskikk	-6 171 700	-5 935 200
Pensjonar	-5 944 214	-7 208 241
Sum	-32 357 798	-36 687 238
Utsatt skatt/-skattefordel	-7 118 715	-8 071 192
Andel av mellombelse skilnader vedr næring 26 % (26 %)	-8 413 027	-9 538 682
Andel av utsatt skatt/-skattefordel vedr næring 26 % (26 %)	-1 850 866	-2 098 510

Utsatt skattefordel balanseførast ikkje.

Avstemming av betalbar skatt i balansen

Betalbar skatt av årets resultat	203 497	84 969
Sum	203 497	84 969

Note 7 Andre avsetjingar for plikter

	2021	2020
Andre avsetjingar for plikter består av		
Etterdriftsfond	5 285 200	4 935 200
Fond renovsjon hushald (sjølvkost)	13 229 344	7 303 685
Fond slam hushald (sjølvkost)	-401 753	-1 179 876
Sum andre avsetjingar til plikter	18 112 791	11 059 009

For å oppfylle krav i avfallsforskrifta er det avsett rekneskapsmessig til etterdriftsfond. Det vert årleg avsett kr 350 000 til etterdriftsfondet.

Note 8 Investering i datterselskap og andre selskap

	Kontor-kommune	Eigardel	Kostpris	Bokført verdi	Eigenkapital pr 31.12	Årsresultat pr 31.12
Datterselskap						
Sirkla Ressurs AS	Sogndal	100%	506 797	506 797	3 556 260	372 088
		Total aksjekapital	Tal aksjar	Pålydande	Overkurs	Bokført verdi pr 31.12.
Andre aksjeinvesteringar						
Retura Norge AS		4 886 000	60	1 000	1 800	108 000
Sum						108 000

Note 9 Varelager

Varelager pr 31.12 består av:	2021	2020
Råvarer	228 696	351 840
Handelsvarer	500 921	785 696
Sum	729 617	1 137 536

Note 10 Mellomvære med selskap i same konsern

	Sirkla Ressurs AS 2021	Sirkla Ressurs AS 2020	Ecoinowaste AS 2021	Ecoinowaste AS 2020
Fordringar				
Kundefordringar	674 522	640 877	0	268 114
Andre fordringar	0	0	0	0
Sum	674 522	640 877	0	268 114
Gjeld				
Leverandørgjeld	62 218	25 956	0	0
Resultatpostar				
Inntekter	7 396 452	7 147 986		
Kostnader	625 087	526 226		

Det ble meldt oppbud i Ecoinowaste AS 5. oktober 2021. Som følge av at det ikke er overvegande sannsynleg at selskapet vil få oppgjer for det utestående beløpet, er fordringen taptsført pr 31.12.21.

Note 11 Bankinnskot

Midlar på skattetrekkskonto (bundne midlar) er kr 906 651.

Note 12 Eigenkapital

	Anna eigenkapital	Sum
Eigenkapital pr. 31.12.2020	14 543 354	14 543 354
Estimatavvik pensjon (årets endring)	1 918 715	1 918 715
Årets resultat	2 443 752	2 443 752
Eigenkapital pr. 31.12.2021	18 905 821	18 905 821

Oversikt over eigarkommunane pr 31.12:

Kommune	Eigardel
Aurland	5,4 %
Høyanger	12,0 %
Luster	15,9 %
Lærdal	6,4 %
Sogndal	36,7 %
Vik	7,8 %
Årdal	15,8 %
Sum	100 %

Ingen eigarar har gjeld til selskapet.

Note 13 Pantstillingar og garantiar

	31.12.2021	31.12.2020
Pantsikra gjeld, pantstillingar og garantiar		
Gjeld til kreditinstitusjonar (lån)	84 749 160	54 639 160
Gjeld som er sikra ved kommunal garanti	84 749 160	54 639 160
Gjeld som forfell meir enn 5 år etter balansedagen	57 715 000	35 322 500
Rekneskapsført verdi av pantsikra eigedelar		
Driftsmidlar	0	0
Varelager	0	0
Kundefordringar	0	0
Sum	0	0

Selskapet har bankgaranti knytt til transportløyve pålydande kr 576.000 til fordel for Statens Vegvesen.

SIMAS IKS

LIKESTILLINGSUTGREIING

Del 1: Tilstand for kjønnslikestilling

Oversikt over tilsette i SIMAS;

	Kjønnsbalanse		Midlertidig tilsette		Uttak av foreldrepermisjon		Faktisk deltidsarbeid	
	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner
Antal	36	9	8	1			1	0
Prosent	80 %	20 %	89 %	11 %			100 %	

Både i konsernet og i SIMAS er kvinneandelen 20 prosent ved utgangen av 2021. 34 fast tilsette. I tillegg har det vore leidt inn ekstra personalressursar i samband med gjennomføring av ulike prosjekt. Stillingane er delt inn i desse gruppene.

- Gruppe 1: Leiargruppa
- Gruppe 2: Høgskuleutdanna
- Gruppe 3: Kontorpersonanale
- Gruppe 4: Driftsoperatørar
- Gruppe 5: Driftsoperatørar

	Antal tilsette			Grunnløn			
	Menn	Kvinner	Totalt	Menn	Kvinner	Forskjell	%
Totalt	36	9	45				
Gruppe 1	5	2	7	kr 856 900,00	kr 804 550,00	kr 52 350,00	6 %
Gruppe 2		5	5		kr 483 860,00		
Gruppe 3	2	2	4	kr 433 073,75	kr 454 200,00	-kr 21 126,25	-5 %
Gruppe 4	20		20	kr 452 193,33			
Gruppe 5	9		9	kr 451 177,78			
	36	9	45				

	Tillegg				Totalt			
	Menn	Kvinner	Forskjell	%	Menn	Kvinner	Forskjell	%
Totalt								
Gruppe 1	kr -	kr -						
Gruppe 2		kr 6 060,00						
Gruppe 3	kr 10 575,00	kr 7 575,00	kr 3 000,00	28 %				
Gruppe 4	kr 3 580,00							
Gruppe 5								

Vurdering av lønsforskjellar er delt på fastløn og ulike tillegg for rekneskapsåret 2021. I tillegg er likt arbeid og arbeid av lik verdi i utforminga av dei ulike stillingsnivå. Utforminga av dei ulike stillingsnivå er basert på eksisterande stillingskategoriar i verksemda og vurdering av kva stillingar som inngår i dei ulike nivåa. Tillitsvald har delteke når me har planlagt, gjennomført og evaluert lønskartlegginga.

Del 2: Slik jobbar me med likestilling og diskriminering

Tilsette:

SIMAS sin visjon er «**Ressursar på rett veg**». Det viser til at me ser på avfall som ein ressurs, som me må nytte på best mogleg måte. Det viser og til at våre tilsette er ein ressurs, som må utviklast på best mogleg måte for den einskilde.

SIMAS har utarbeida eit Etikkhefte i samarbeid med tilsette. Dette heftet seier noko om korleis me vil ha det på vår arbeidsplass. Våre etiske retningslinjer seier: Me tek avstand frå alle former for mobbing og trakassering. Me skal ikkje snakke nedlatande om nokon bak deira rygg. Ingen skal diskriminerast på bakgrunn av kjønn, etniske forhold, religion, hudfarge, politisk overtyding eller liknande

I Etikkheftet er det eit eige kapittel om varsling. Dette fortel kva varsling er, korleis ein skal varsle og at SIMAS har tilrettelagt for trygg varsling.

SIMAS har som mål å vera ein arbeidsplass der det skal vera full likestilling mellom kvinner og menn. Tradisjonelt har det vore få kvinnelege søkerar til våre stillingar, særleg når det gjeld drifta ute. Av SIMAS sine 39 tilsette er 9 kvinner, inklusiv 1 kvinneleg lærling i kontorfaget. I leiarstaben er det 2 kvinner og 2 menn. I styret er 3 av 7 styremedlemmer kvinner, der styreleiar er ein av desse. Ved nytilsetting vert kvinner og menn handsama likt, der best kvalifisert søker får tilbod om stillinga

SIMAS har ein tilsett som jobbar deltid etter eige ynskje frå denne personen.

SIMAS har oppretta Arbeidsmiljøutval (AMU) sjølv om ein ikkje er pålagt dette. AMU har 4 møter årleg, der ein tek opp ulike tema, som er aktuelle for alle tilsette.

Regelverket skil mellom plikt til å gjennomføre, og plikt til å tilby helseundersøking. I begge tilfelle er hensikta å kartlegge, forebygge og hindre utvikling av arbeidsrelaterte helseskade.

Bedriftshelsetenesta har årleg undersøking av helsetilstanden til tilsette på drift. For administrativt personale har ein kvart 3. år helseundersøking av administrativt personale der ein i tillegg ser på dei fysiske tilhøva på kontorpllassane. I samband med utviding av kontorlokala i 2009 vart det lagt til rette for at administrasjonsbygget skal vera tilrettelagt for rørslehemma.

For å gjere det lettare å kombinere arbeid og familieliv har SIMAS fleire ordningar. Tilsette som ynskjer det får moglegheit til å arbeide deltid i ein periode. SIMAS har også fleksitidsordning for alle tilsette. Når det er behov for det blir det gitt moglegheit for heimekontor. Dette blir særskilt vurdert i kvart enkelt tilfelle.

SIMAS legg til rette for eldre arbeidstakrarar, slik at dei som er over pensjonsalder eller nærmar seg pensjonsalder kan halde fram i mindre stillingar om det er ønskjeleg.

For at tilsette som er i permisjon eller langtidssjukmeld skal føle at dei framleis er ein del av arbeidsmiljøet blir dei invitert med på alle sosiale aktivitetar i bedrifta. Dei mottek og all felles informasjon som blir sendt ut.

Ved innkjøp av overtidsmat og mat til ulike sosiale samankomstar vert det teke omsyn til at tilsette ikkje kan ete alle typar mat som følgje av allergi, religion eller anna overtyding.

SIMAS har tilsette frå 5 forskjellige nasjonalitetar. For å legge til rette for at ulike nasjonalitetar kan arbeide i SIMAS tilbyr ein norskkurs for nyttilsette som ikkje har tilstrekkeleg kunnskap i norsk skriftleg og munnleg. SIMAS har fleire tilsette frå austeuropeiske land. Desse har fått arbeidsavtalane både på norsk og russisk.

I administrasjonsbygget har SIMAS IKS Unisex-toalett. Dette gjer det lettare for kjønnsnøytrale.

Ein har og innført ulike tiltak for tilsette og besökande med funksjonsnedsetjingar. Det er handikaptoalett i begge etasjar i administrasjonsbygget. Tilsette som har nedsett hørsel får tilrettelagt med headset med lyd på begge øyre. Ved behov vil ein søke NAV og Hjelphemiddelsentralen om hjelp til midlar som kan lette kvarldagen for tilsette med funksjonsnedsetjing. Ved lese- og skrivevanskår er det mogleg å få opplesingsprogram på telefonen.

SIMAS samarbeider med NAV, Sogneprodukt og ATS og gir opplæring- og arbeidstilbod for medarbeidarar med ulike behov for tilrettelagt arbeid. SIMAS har lukkast med å legge til rette for fleire personar, slik at dei har fått fast stilling i bedrifta.

I tillegg bistår ein NAV med å gje språktrening for kandidatar som har behov for det. Ein har og har hatt fleire på språkopplæring, der målet er fast arbeid.

Abonnentar:

For å ta vare på abonnentar med synshemmning får dei som har behov for det tilsendt dunkar med informasjon i blindeskrift. For å ta vare på abonnentar av ulik nasjonalitet deler SIMAS ut informasjon om sortering på mange forskjellige språk: Sorteringsguide på norsk, engelsk, spansk, polsk, litauisk, russisk, arabisk, somalisk og tysk. Dersom det er behov for det kan ein skaffe sorteringsguide på fleire språk.

Abonnentar som ikkje kan bruke app eller internett for å finne avfallskalendaren får tilsendt denne i posten. Det er moglegheit for dei som ikkje kan sende mail eller finne svar på internett å ringje inn til SIMAS for å få hjelp og informasjon.

SIMAS tilbyr tilskot til tøybleier for barnefamiliar, som ynskjer å vera miljøbevisst.

Tiltak planlagt for år 2022:

- Forsette med tiltaka ein allereie har innarbeida og kontinuerleg vurdere område som kan forbetre.
- I budsjettet er det med 50 % lønnskostnad for stilling i språkopplæring og integrering.
- Gjennomføre medarbeidarundersøking der det blir stilt spørsmål om tilsette har vore vitne til kjønnsbasert vald (valdtekst eller overgrep), verbal eller fysisk trakassering, eller seksuell trakassering i jobbsamanhang.
- Ta opp likestilling og ikkje-diskriminering på avdelingsmøte gjennom året.
- Etiske retningslinjer skal gjennomgåast på minst to avdelingsmøter på alle avdelingar i løpet av året.
- Revidere Etikkheftet for å kontrollere at ein har teke omsyn til alle forhold innan likestilling.

- Risiko for diskriminering på grunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk skal vera tema på minst eit møte i AMU, leiargruppa og på avdelingsmøter i løpet av året.
- Vurdere om ein må endre på teksten i stillingsannonsar, slik at ein tek omsyn til likestilling og oppmodar fleire grupper til å söke på stillingar i vår bedrift.
- Gjennomføre ei risikovurdering på ulike personalområde der ein vurderer risikoen for diskriminering på grunnlag av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetting, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk og kombinasjonen av desse grunnlaga.
- Dei tiltaka ein ynskjer gjennomføre skal takast inn i årleg handlingsplanen.

Til representantskapet i Simas IKS

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Konklusjon

Vi har revidert Simas AS sin årsrekneskap som er samansett av:

- selskapsrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2021, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoен og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp, og
- konsernrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2021, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår mening

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev selskapsrekneskapen eit rettvisande bilet av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2021 og av resultata og kontantstraumar for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg, og
- gjev konsernrekneskapen eit rettvisande bilet av konsernet si finansielle stilling per 31. desember 2021 og av resultata og kontantstraumar for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet og konsernet slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Andre tilhøve

Selskapet sin årsrekneskap er avgjort etter utløpet av fristen etter Forskrift om årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for interkommunale selskaper § 4.

Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiringa) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneholder dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvisande bilet til samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneholder vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidingsa av årsrekneskapen er leiinga ansvarleg for å ta standpunkt til selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta, og opplyse om tilhøve av betyding for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneholder vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneholder konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoene for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoene for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekkja, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapets og konsernets sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av framleis drift-føresetnaden ved fastsetting av årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betyding om selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjøre merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoene for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet og konsernet ikkje held fram med drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggende transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisande bilet.
- innhentar vi tilstrekkeleg og formålstenleg revisjonsbevis knytt til den finansielle informasjonen til einingane eller forretningsområda i konsernet for å kunne gi uttrykk for ei meining om den konsoliderte årsrekneskapen. Vi er ansvarlege for å leie, følge opp og gjennomføre konsernrevisjonen. Vi åleine er ansvarlege for vår revisjonskonklusjon.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betyding som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheter av betyding i den interne kontrollen.

Florø, 21. mars 2022
Deloitte AS

Rune Norstrand Olsen
statsautorisert revisor



Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Rune Norstrand Olsen

Statsautorisert revisor

På vegne av: Deloitte AS

Serienummer: 9578-5998-4-1061403

IP: 77.16.xxx.xxx

2022-04-04 10:43:47 UTC



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokumentet. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er orginalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service <penneo@penneo.com>**. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>